



Olav Erlend Torheim  
Håtuftvegen 212  
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/575 - 19/4795

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

28.02.2019

## Førehandsvarsel om ekspropriasjon - Erverv av nødvendig areal og retter for bygging av nye Meland vassbehandlingsanlegg, vatn og avløpsledning og utviding av Håtuftvegen

For å få løyve til å ekspropriere nødvendig areal for å kunne gjennomføre utbygging av vassbehandlingsanlegg, vatn og avløpsledning og utviding av Håtuftvegen set Meland kommune i gang ekspropriasjonssak.

Det må likevel understrekast at Meland kommune sitt primære ønske er å kome fram til ei minneleg avtale som samsvarar med den erstatninga grunneigar har krav på. Vi viser til eige brev med forslag til avtale.

Parallelt med avklaringa om det er mogleg å få til ei avtale vil Meland kommune uansett fortsette ekspropriasjonssaka.

### **Avtaleskjønn**

Om det berre er storleiken på erstatninga det er uenigheit om, er eit alternativ til ekspropriasjon at det vert inngått ei avtale om tiltreding no og at erstatningsbeløpet vert fastsatt av Bergen tingrett som skjønnsrett. Forslag til slik avtale om avtaleskjønn ligg vedlagt som vedlegg 2. Dersom det er aktuelt ber vi om ei tilbakemelding innan 14 dagar frå dato på dette brev.

### **Ekspropriasjon**

Heimel for ekspropriasjonen er plan- og bygningsloven § 16-2 første ledd som lyder slik:

*«Kommunestyret kan foreta ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyrets adgang til å foreta ekspropriasjon i medhold av reguleringsplan bortfaller dersom ikke*

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*kommunestyrets vedtak om ekspropriasjon er gjort innen 10 år etter at planen er kunngjort etter § 12-12 femte ledd.»*

Arealomfanget av inngrepet er vist på vedlegg 1 til dette varselet.

#### Uttalerett

Som grunneigar har dykk uttalerett, se bla. pbl. § 16-2 (4) og oreigningsloven § 12 (2). Meland kommune oppfordrar grunneigar til å sende eventuelle merknader til dette varsel om ekspropriasjon utan ugrunna opphald, og seinest **innan** 14 dager frå mottak av dette brev.

Eventuelle merknader til søknad om ekspropriasjon sendast til Meland kommune innan fristen. Epost: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller per brev til: Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG.

#### Utgifter til ekspropriasjon

Meland kommune gjer dykk merksam på at dykk som grunneigar i medhald av oreigningslova § 15 andre ledd mellom anna følgjande retter:

*«Søkjaren skal dessutan svara motparten dei utgiftene som var naudsynlege til å taka vare på baten hans i saka. Dette gjeld òg utgift i klagesak, med unntak for tilfelle der motparten til søkjaren har klaga utan god grunn. Avgjerd om sakskostnader etter leden her skal takast av skjønnsstyremakta eller, dersom det ikkje vert halde skjøn, av Kongen.»*

Retten er avgrensa til å dekke nødvendige utgifter. Dersom det vert engasjert juridisk bistand må grunneigarane som hovudregel samle seg om ein advokat med mindre det ligg føre motstridande interesser. Det visast og til skjønnsprosessloven § 54.

#### Vidare saksgong

Dersom søknad om samtykke til ekspropriasjon vert innvilga med høve til å søke Fylkesmannen i Hordaland om samtykke til forhåndstiltreding, vil det bli begjært skjønn for Bergen tingrett for fastsetting av den erstatning du har krav på. Samstundes vil eigedomen bli tiltrådt så snart samtykke frå Fylkesmannen ligg føre.

Inngrepet sitt omfang og andre detaljer vil då gå fram av føresetnadene for skjønnet i skjønnsbegjæringa.

Vi vil og gjere dykk merksam på innhaldet i føresegnet i oreigningslova § 28 som lyder følgjande:

*«Etter at eigar eller rettshavar er gjeven høve til å seia si meining etter § 12, jfr. òg § 13, må han ikkje råda rettsleg over eigedomen det gjeld, utan oreigningssøkjaren samtykkjer, og heller ikkje gjera noko med eller på eigedomen som kan hindra, valda vanskar for eller fordyra det påemna oreigningsinngrepet. Om eigaren eller rettshavaren likevel gjer såvore, skal det gjerast frådrag i vederlaget hans for all skade åtferda har valda oreignaren; og arbeid som elles skulle gjeva eigaren eller rettshavaren rett til auka vederlag, skal det ikkje takast omsyn til når vederlaget vert fastsett.*

*Får eigaren eller rettshavaren skade eller ulempe av di det er lagt hand på rådvaldsretten, så som nemnt i fyrste leden, kan han krevja skadebot av søkjaren. Slik skadebot vert fastsett når vederlaget for inngrepet vert sett, men i serskilt skjøn om inngrepet ikkje vert sett i verk.»*

Vi ber dykk ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Avtale om grunnerverv - skjønn GBNR 30-1  
Ervervskart GBNR 30-1

**Mottakere:**

Olav Erlend Torheim

Håtuftvegen 212 5919

FREKHAUG